



BARNEOMBODET

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD)
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
19/00153-4

Saksbehandlar:
Camilla Kayed

Dato:
1. mars 2019

Årsrapport 2018 frå Barneombudet til Barne- og likestillingsdepartementet

Vedlagt fylgjer årsrapport for 2018 frå Barneombudet

Venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Camilla Kayed
Velg tittel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Vedlegg

Risikovurdering mars 2018
Risikovurdering januar 2018
Risikovurdering august 2018
Risikovurdering november 2018
Årsrapport frå Barneombudet 2018.docx
Rapport - samfunnssikkerhet og beredskap 2018
Revidert beredskapsplan for Barneombudet

Mottakarliste

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD)
Barne- og likestillingsdepartementet (BLD), Peter Reine

Årsrapport frå Barneombodet 2018



Innhald

I.	Utsegn frå leiaren	4
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
	Organisasjonskart	5
	Utvalde volumtal	6
	Førespurnader og utsegner på brev og e-post.....	6
	Telefonførespurnader	6
	«Spør Barneombodet»	6
	Medieoppslag og sosiale media	7
	Mållovarbeidet hos Barneombodet	8
	Barneombodet.no	8
	Sosiale medium	8
	Barneombudsbloggen	9
	Uromeldingar til barnevernet	9
	Bruk av innsynsretten.....	9
	Krav om tilsyn	9
	Høyringsvar frå Barneombodet	10
	Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar	10
	Fråsegner til offentlege myndigheiter.....	10
	Talet på begynte og gjennomførte fagprosjekt.....	11
	Innspeil til offentlege utval.....	11
	Notat til Stortinget	11
III.	Rapportering på mål for verksemda 2018.....	12
	Anna fagarbeid	15
	Mål for organisasjonsutvikling	16
	Samla vurdering av resultat.....	16
	Nærmare omtale av bruk av verkemidlar	16
IV.	Styring og kontroll av verksemda	16
	Den overordna vurderinga av styring og kontroll i verksemda.....	17
	Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda	17
	Kompetansetiltak hos Barneombodet	17
	Arkivet til Barneombodet	17
	Økonomistyring hos Barneombodet	18
	Forhold departementet har bedt Barneombodet om å rapportere særskilt på	19

Fellesføringar frå regjeringa	19
Samfunnssikkerheit og beredskap	19
Informasjonssikkerheit	19
IKT og digitalt førstevalg	20
Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen	20
Risikovurderingar.....	21
Personalforvaltning	21
Aktivitets- og greigjeringsplikter	21
Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar.....	22
Miljøkrav i innkjøp.....	22
Rutinar for varsling	22
V. Vurdering av framtidsutsikter	22
VI. Årsrekneskap	23
Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2018.....	23
Føremål.....	23
Stadfesting.....	23
Vurdering av vesentlege forhold	23
Tilleggsopplysningar	24
Prinsippnote til årsrekneskapen 2018.....	24
Bevillingsrapporteringa	25
Artskontorapporteringa	25

I. Utsegn frå leiaren

I 2018 sa Barneombodet takk til Anne Lindboe og velkommen til meg, Inga Bejer Engh. Før eg byrja, avslutta Barneombodet sitt fjerde fagprosjekt: «Voldsfri barndom - god helse». To rapportar frå dette prosjektet blei lansert 6.3.2018. Den eine rapporten handlar om tenestetilbodet til barn utsette for vald eller overgrep. Den andre rapporten handlar om seksuelle krenkingar av ungdom. I begge rapportane kjem vi med anbefalingar om forbetringar for å førebyggje og handtere vald og seksuelle overgrep. Rapportane viser at vi ikkje er i mål for å sikre barn ein valdsfri barndom.

Anna fagarbeid som var viktig i 2018 har vore å fylgje opp rapporten «Uten mål og mening?», som blei svært viktig i samband med at Nordahl-utvalet ynskjer å fjerne retten til spesialundervisning. Innanfor temaet psykososialt skulemiljø har vi gjort eit stort arbeid med å få innsyn i alle klagesakene til fylkesmennene etter at ny heimel for godt psykososialt miljø vart vedteken. Vi har lansert ein rapport: «God hjelp til rett tid», og hatt direkte kontakt med nokre fylkesmenn om det vi fann i innsynet.

Barneombodet brukte mykje tid hausten 2018 på å leggje ein strategi for dei neste tre åra. Strategien er no klar, og det er fire område som står i fokus disse åra: å bidra til å hindre utanforskap blant barn og unge, psykiske helseteneste til barn og unge, barnevern og trygg digital kvardag. Vi er allereie godt i gang med arbeidet og gler oss til 2019.

Resultatet for året vart om lag som forventa, men med eit noko større mindreforbruk enn venta. Den samla ressursbruken var i 2018 innanfor godkjend bevilling. Barneombodet hadde eit mindreforbruk i 2018 på kr. 642,-. Når ein tar med overføringane frå tidlegare år så er det totale mindreforbruket på kr. 1 070 642. For nærmare detaljar om dette viser vi til del VI.




Oslo, 1. mars 2018

Inga Bejer Engh
barneombod

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Det går fram av lova om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne- og likestillingsdepartementet om verksemda i det føregåande året.

Organisasjonskart



Utvalde volumtal

Førespurnader og utsegner på brev og e-post

Barneombodet fekk i 2018 inn x førespurnader på brev og e-post, mens vi sende ut x brev og e-postar. I alt har vi tatt imot og ekspedert x brev og e-postar. Vi har i 2018 samla arbeidet med å svare på brev inn frå privatpersonar på ein rådgjevar og ein studentmedarbeidar.

Dokument	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Inngående dokument	4077	3374	2796	3262	3496	3383	3218
Utgående dokument	2413	2132	1757	1846	2189	2595	2379
Total mengde dokument	6490	5506	4553	5108	5685	5978	5597

Telefonførespurnader

I 2018 vart det registrert 1363 telefonar inn til sentralbordet vårt. Nokre av telefonane førte til skriftleg oppfølging frå rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har framleis ein telefonbeskjed på sentralbordet som oppmodar vaksne privatpersonar om å skrive e-post eller brev til Barneombodet, i staden for å ringe.

«Spør Barneombodet»

«Spør Barneombodet», svar på førespurnader om rettar, er høgt prioritert. Vi har ei turnusordning, slik at alle fagrådgjevarane og kommunikasjonsrådgjevarane svarer på omgang. I 2018 fekk vi 1276 spørsmål frå barn på nett, og alle fekk svar frå oss, helst same dag eller dagen etter. Vi ser at vi ligg høgt på familie, skule, helse, digitale media, generelle spørsmål om rettar og barnevern. Det er inga dramatiske endringar i tema som kjem inn.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Stikkord	2014	2015	2016	2017	2018
Familie	193	111	223	220	220
Rettigheter	147	115	166	165	147
Foreldre som ikkje bur saman	73	72	86	55	36
Kven bestemmer?	57	76	136	112	92
Skule	292	287	414	394	357
Mobbing	96	104	105	106	79
Flytte heime frå	49	26	25	35	41
Økonomi og pengar	49	67	61	45	35
Venner/kjærastar	50	60	64	87	71
Psykisk og fysisk helse	65	123	181	185	183
Privatliv	61	21	34	33	36
Samvær	49	18	13	11	8
Vald	62	41	72	52	51

Mobil, internett og sosiale media	73	172	273	212	113
Bli høyrte	56	56	40	60	43
Barnevern	73	121	94	152	125
Følelsar	35	44	115	87	54
Aldersgrenser (ny 2016)			198	199	94
Asyl (ny 2016)			8	3	1
Barneombodet (ny 2016)			1	11	24
Diskriminering (ny 2016)			5	5	7
Fritid (ny 2016)			11	28	17
Fosterheim (ny 2016)			17	32	26
Religion (ny 2017)				3	11
Rus (ny 2017)				11	16
Teieplikt (ny 2017)				12	15
Kriminalitet (ny i 2018)					13
	1480	1514	2325* 1711	2315* 1564	1915* 1276

* I 2016 opna vi for at eit spørsmål kan merkast med fleire kategoriar, noko som gjer at tala framover ikkje er samanliknbare med åra før 2016.

Medieoppslag og sosiale media

I 2018 vart Barneombodet omtalt i totalt 1145 mediesaker, 1042 på bokmål og 103 på nynorsk. Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking.

Medieoppslag						
Årstal	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på oppslag	2874	2199	1697	1923	1301	1145
Nett	1818	1445	1026	1215	722	681
Papir	1030	729	641	711	552	433
Tv/radio*	26	25	30	57	27	31

*Søkemotoren er framleis for smal til å få tak i alle tv/radiooppslag i distriktssendingar, så talet er for lågt.

Medieoppslag fordelt på nokre utvalde søkeord:

Tema	2015	2016	2017	2018
Barneombodet mobbing	502	497	348	168
Barneombodet vald	299	227	198	241
Barneombodet skulehelsetenesta	95	49	25	30
Barneombodet og asylsøkjjarar	145	234	161	44
Barneombodet skule	386	497	427	297
Barneombodet delt bustad	101	71	30	5
Barneombodet spesialundervisning			134	89

Barneombodet Grefsenerklæringen			14	2
Barneombodet FNrapport			73	13
Barneombodet fengsel				69
Barneombodet straff				69
Barneombod Inga Bejer Engh				275
Barneombod overgrep				197

Mållovarbeidet hos Barneombodet

I 2018 har Barneombodet nådd kravet som gjeld tekstar som kjem inn under mållova § 8 første ledd første og andre punktum og § 8 fjerde ledd i alle dei innrapporterte kategoriane.

Kategori	Nynorskprosent
Tekst på barneombodet.no	32,9 %
Tekstar på 1-10 sider	26,3 %
Tekstar på over 10 sider	25,2 %
Periodiske publikasjonar	36,4 %
Sosiale medium	25 %

Barneombodet.no

Vi når ut til mange med nettstaden vår. 2017 var eit rekordår med over ein million sidevisningar. Talet for 2018 er noko lågare, med cirka 960 000 sidevisningar, men dette er framleis mykje høgare enn åra før 2017. Det er framleis «Dine rettigheter» med sine undersider som er mest besøkt, men også Spør Barneombodet og sidene om barnekonvensjonen treff mange.

Nesten 80 % av trafikken på nettstaden vår kjem frå direkte søk på Google, noko som er ein oppgang på fem prosentpoeng frå 2017. Vi blir lønte for godt fagleg innhald, og dei som besøker sidene våre bruker også ein god del tid. Dette tyder på at dei finn det dei leitar etter.

Vi kan diverre ikkje seie med sikkerheit kor mange av sidevisingane barn og unge gjer sjølv, men til saman 62 % av brukarane våre er ukjende for Google, og fleirtalet av dei er mest sannsynleg under 18 år. Dette er ei stor auke frå året før.

Mest trafikk hadde vi den 25. mai, då utnemninga av Inga Bejer Engh som nytt barneombod blei kjent. Rett bak fylgjer den 6. mars, då vi arrangerte Barneombodets dag på OsloMet og lanserte to rapportar. Desse to datoane har dobla trafikk samanlikna med ein vanlig dag på barneombodet.no.

Sosiale medium

Barneombodet er til stades på tre sosiale medium. Sosiale medium er viktige kanalar for å nå alle målgruppene våre, og vi jobbar heile tida med metodar for å nå ut til fleire. I 2018 har vi vidareført innsatsen vår på Facebook. I 2017 auka talet fylgjarar med nesten 10 000, så det var venta at auka i 2018 kom til å bli noko lågare. Totalt har me auka med cirka 2000 fylgjarar.

Facebook endra drastisk på sine algoritmar i 2018, og vi kan difor ikkje samanlikna tala for rekkevidde med 2017, men den totale rekkevidda for innlegga våre var i 2018 på om lag 1,3 millionar. Vi har brukt minimalt med midlar på sponing av innlegg i 2018. Det har også vært noko mindre aktivitet på grunn av overgangen mellom to ombod.

Trass i dette så er Facebook den klart største og viktigaste kanalen vår. Vi satsar spesielt mykje på videoinnhald, og er svært medvitne om det visuelle. Stort sett alt på våre sosiale medium er eigenprodusert innhald, og vi delar i liten grad andre sitt innhald. På Facebook når vi i stor grad foreldre, mens vi på Twitter når journalistar og avgjerdstakarar. Vi er også til stades på Instagram, men i mykje mindre grad enn på dei andre media, og i store deler av 2018 var Instagram-kontoen vår utan aktivitet.

På Twitter hadde vi ved inngangen av januar 2018 16 459 følgjarar. På Instagram hadde vi 2310 følgjarar, medan vi på Facebook, per 31.12.18, hadde 25 717 følgjarar.

Barneombudsbloggen

Barneombodet har i nokre år hatt ein blogg der vi har gått litt djupare inn i utspela våre. Denne var det minimalt med aktivitet på i starten av 2018, og i samband med at vi skifta til nytt ombod, la vi også ned bloggen.

Uromeldingar til barnevernet

Barneombodet sende to uromeldingar til barnevernet i 2018. Som offentleg meldar får vi tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp.

Uromeldingar til barnevernet							
Årstal	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på uromeldingar	11	7	5	4	7	4	2

Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i alle fylkesmannssakene om psykososialt skulemiljø frå 01.08 til 31.12 2017.

Krav om innsyn							
Årstal	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på innsynskrav	7	33	6	213	71	1	468

Krav om tilsyn

I 2018 sende vi fire krav om tilsyn.

Krav om tilsyn					
Årstal	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på tilsynskrav	6	3	6	1	4

Høyringsvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 23 skriftlege høyringsvar i 2018. Her er nokre av dei viktigaste:

- Høyringsvar - Pakkeforløp gravide og rusmidler
- Høyringsvar - pakkeforløp for behandling i psykisk helsevern, barn og unge
- Barneombudets høyringsvar til kjerneelementer i læreplanene
- Barneombudets høyringsvar på rapport fra ekspertutvalget om Regionreformen - Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene
- Høyringsvar - felles innledningskapittel i de nasjonale retningslinjene for alle lærerutdanningene
- Barneombudets høyringsvar - reviderte nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanningen
- Høyringsvar - forslag til nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanninger
- Høyringsvar fra Barneombudet - Nasjonale retningslinjer for samarbeid mellom politiet og barneverntjenesten ved mistanke om vold og overgrep i nære relasjoner
- Høyringsvar - endringer i straffeprosessloven og i forskrift om opphold i politiarrest

Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 125 foredrag i 2018. Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid er opplæring i barnrettane for ulike faggrupper og avgjerdstakarar.

Fråsegner til offentlege myndigheiter

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev til offentlege myndigheiter. I disse breva gir vi uttrykk for synspunkta våre, og uroa vår for korleis barn blir varetatt innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei ein del av rapporteringskategorien «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre.

Brev til offentlege myndigheiter					
2013	2014	2015	2016	2017	2018
21	15	16	11	21	8

	Tema	Mottakar
1.	Lovfesting av mobbelov for barnehagebarn	Kunnskapsdepartementet
2.	Opplæring til enslige mindreårige med begrensede tillatelser	Kunnskapsdepartementet
3.	Behandlingstilbudet til barn med kjønnsinkongruens/kjønnsdysfori	Helse- og omsorgsdepartementet
4.	Oppfølging av kommunenes brudd på tilsynsplikten	Barne- og likestillingsdepartementet
5.	Innspill til Kunnskapsdepartementets arbeid med St.meld. 2019 om tidlig innsats og	Kunnskapsdepartementet

	inkluderende fellesskap	
6.	Politiets behandling av barn	Spesialenheten for politisaker
7.	Barneombudets rapport «Råd til helsetjenestene frå barn og unge	Helsedirektoratet
8.	Oppfølging av brudd på tilsynsplikten	Fylkesmannen i Østfold

Talet på begynte og gjennomførte fagprosjekt

I 2018 arbeidde Barneombudet med følgjande prosjekt:

1. «Valdsfri barndom - god helse»
2. «God hjelp til rett tid?»

Prosjekta blir nærmare skildra under punkt III. I alle prosjekta har vi brukt prosjektstyringsverktøy med risikohandsaming, og leiinga har fylgd prosjekta tett opp.

Innspel til offentlege utval

I 2018 ga Barneombudet fem innspel:

- Innspill på innspillskonferanse til Folkehelsemeldingen 3.9.2018
- Innspill til veikart for universell utforming av grunnskolene
- Innspill fra Barneombudet til Fosterhjemsutvalget
- Innspill til Åpenhetsutvalget
- Tilpasset opplæring og spesialundervisning – innspill til opplæringslovutvalget

Alle desse innspela ligg også på nettstaden vår.

Notat til Stortinget

Barneombudet publiserer alle notat som vi leverer til komiteane på Stortinget i samband med blant anna munnlege høyringar. I 2018 gav vi frå oss desse notata:

- Barneombudets innspill til utdannings- og forskningskomiteen - statsbudsjett 2019
- Barneombudets innspill til utdannings- og forskningskomiteen-spesialundervisning
- Barneombudets innspill Familie- og kulturkomiteens høring om forslag til endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)
- Notat til høring i Stortinget om tvangsmidler i utlendingsloven (Prop. 126 L)
- Barneombudets innspill til SV-stortingsrepresentant Øvstegård om forslag til lovtekst om bvl § 6-3 og anmodningstekst for en barnevennlig klageadgang
- Barneombudets innspill til APs familie-, kirke- og kulturfraksjon - Samråd om barnevernet
- Barneombudets innspill til høring om minimumskrav til bemanning i barnehagen mv.
- Innspill til Stortinget - oppfølging av Barneombudets rapport om vold
- Barneombudets innspill til Helse- og omsorgskomiteen- statsbudsjettet 2019
- Barneombudets innspill til Familie- og kulturkomiteen- statsbudsjettet 2019

- Barneombudets innspill til utdannings- og forskningskomiteen - statsbudsjett 2019
- Barneombudets innspill til Dokument 8:243 S (2017-2018) Representantforslag om bedre kommunetilbud til volds og overgrepssatte unge

Notata ligg også på nettsidene våre.

III. Rapportering på mål for verksemda 2018

Mål og strategiar for 2018 vart rapportert inn til BLD mai 2017.

1. Barn med funksjonsnedsetjingar får eit verdig liv og eit tilrettelagt tilbod uansett kor dei bur (langsiktig mål 8)

Barneombodet brukte mykje tid og ressursar i 2018 på å arbeide for å fremje anbefalingane våre frå rapporten «Uten mål og mening?». 2018 vart prega av at Nordahl-utvalet anbefalte å ta bort retten til spesialundervisning. Dette forslaget er Barneombodet ueinig i, og vi deltok difor i ulike debatter og eigna forum for å oppretthalde elevrettane.

Rapporten vår kom i 2018 inn på litteraturlista i master i spesialpedagogikk og vidareutdanning i «Pedagogisk anvendelse av utdanningsrett» ved Universitetet i Agder. Den står også på litteraturlista til master i spesialpedagogikk ved Oslo Met.

2. Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombodet (mål 2)

Barneombodet avslutta prosjektet «Barneombussen» slikt det var planlagt etter at Anne Lindboe hadde besøkt alle fylka i landet. Inga Bejer Engh vidarefører ikkje dette prosjektet. Undervisningsopplegget vårt om barnekonvensjonen som vi utarbeidde saman med UNICEF til bruk i skulen ligg tilgjengeleg på nettstande vår for lærarar som ynskjer å bruke det i undervisninga. I tida framover vil vi arbeide med å finne andre måtar å gjere Barneombodet kjend blant barn og unge.

3. Barn har reell innverknad på utforming av politikk og planer på alle nivå i samfunnet (mål 19)

I 2018 nådde vi eit gjennombrøt i ungdomsmedverknad i lokalsamfunnet. Lovfesting av ungdomsråd blei endeleg vedtatt i Stortinget. Barneombodet har jobba hardt for å få dette til, både i samråd med ungdomsråd i heile landet og opp mot departement og Stortinget. Retningslinjene for ungdomsråd blei sendt på høyring i 2018, og vi svarer på høyringa i 2019.

4. Alle barn i Norge får oppfylt sin rett til utdanning i ein trygg og inkluderande skule (mål 10)

Barneombodet fekk 320 skriftlege førespurnader om skule og barnehage i brev eller på e-post i 2018, 106 av desse var om mobbing. Vi fekk også 436 spørsmål registrert under

kategoriene skule/mobbing frå barn og unge via spørjetenesta «Spør Barneombodet». I tillegg til dette kjem telefonsamtaler til kontoret.

Førespurnader om psykososialt skule- og barnehagemiljø			
Årstal	2016	2017	2018
Skriftlege førespurnader totalt om skule	324	381	320
Førespurnader om mobbing i grunnskulen	111	137	106
Førespurnader om mobbing i vidaregåande skule	0	5	3
Førespurnader om barnehagen total	21	23	22
Førespurnader om mobbing i barnehagen	3	2	4
Spørsmål på spør BO om skule og mobbing	519 (105 om berre mobbing)	502 (106 om berre mobbing)	436 (79 om berre mobbing)

Gjennom heile året har Barneombodet arbeidd med mobbing og krenkingar i skule og barnehage på fire måtar:

- a) Vi har gitt **retteiing i enkeltsaker** om psykososialt skulemiljø. I 2018 ga vi ei meir inngåande retteiing til foreldre, inviterte til møter hos oss og bidrog meir enn vi har gjort tidlegare. Vi fekk også ei juridisk utgreiing om korleis vi kan ta saker opp til behandling, og hadde som mål å ta fire slike saker opp til behandling i 2018. Dette viste seg å vere vanskeleg å få til, og vi har no lagt bort dette sporet og fokuserer på å gje god retteiing i staden.
- b) Vi har arbeidd med **politisk påverknad**. Vi har halde oppe trykket på anbefalingane i rapporten «Uten mål og mening?» Rapporten har eigne anbefalingar om psykososialt skulemiljø, og det er ein heilt klar samanheng mellom korleis barna trivest på skulen og deira faglege nivå. Vi har også arbeidd med å få gjennom ei endring i barnehagelova om rett til godt psykososialt miljø i barnehagane.
- c) Vi har **overvaka systemet** som skal vareta barn sin rett til eit godt psykososialt skulemiljø. Etter lovendringa 01.08.2017 i opplæringslova kapittel 9a har fylkesmennene fått ei heilt ny rolle. Vi kravde derfor innsyn i alle fylka sine saker om kapittel 9a etter lovendringa, avgrensa til tidsperioden 01.08.-31.12.2017 Vi gjekk gjennom 220 vedtak om skulemiljø frå fylkesmennene og laga rapporten «God hjelp til rett tid?» Rapporten vart presentert for alle fylkesmennene på ei

samling i regi av Utdanningsdirektoratet og vi inviterte også kvar fylkesmann til direkte dialog med oss om dei funna vi hadde gjort i deira saker. Dette var fyrste gong vi har gjort eit slikt arbeid, og det vart godt mottatt av både fylkesmennene sjølv og av Utdanningsdirektoratet. Vi skal følgje opp arbeidet med ein tilsvarande gjennomgang i 2019 for å samanlikne.

- d) Vi har halde 32 foredrag om skulemiljø og spesialundervisning i 2018. Mange av disse var for fylkesmenn. Hovudtema har vore barnekonvensjonen, God hjelp til rett tid», mobbing i barnehagen og «Uten mål og mening?». Vi har arbeidd og skal fortsette å arbeide opp mot opplæringslovutvalet, som skal komme med forslag til ny opplæringslov i slutten av 2019.

For 2018 - som før – skal vi lage ein eigen rapport til Kunnskapsdepartementet som også vil bli sendt til BLD.

5. Barn i risiko for - eller som er utsette for - vald og overgrep, møter eit system som ser, følgjer opp og gir god behandling (mål 7)

Barneombodet gjorde våren 2018 ferdig prosjektet «Valdsfri barndom - betre helse», som var Anne Lindboe sitt siste prosjekt som barneombod.

Vi delte prosjektet inn i to deler. Den eine delen handlar om medverknad frå barn og unge i arbeidet mot vald og overgrep. Her fekk vi råd frå både barn og unge som sjølv har vore utsette for vald og overgrep. I tillegg snakka vi med ungdom fire stader i Noreg, og dei har gitt oss råd om korleis ein kan forebygge overgrep mellom jamaldrande. Vi lanserte to rapportar 06.03.2018: «Hadde vi fått hjelp tidligere ...» og «Alle kjenner noen som har opplevd det». Rapportane blei godt mottatt, og vi har brukt anbefalingane i prosjektet til politisk påverknad og høyringar på nye læreplanar i skulen. Det blei også reist eit representantforslag i Stortinget basert på «Hadde vi fått hjelp tidligere». Vi leverte dessutan ein rapport til Helsedirektoratet som berre inneheldt innspel frå barn. Innspela er stila til dei som arbeider i helsetenesta.

Den andre delen av valdsprosjektet er retta direkte mot avgjerdstakarar som kan bidra til å forebygge vald og overgrep mot barn og unge. Her arrangerte vi to høgnivåmøte i 2017 og 2018, der vi inviterte vi relevante toppolitikarar, direktørar og avgjerdstakarar frå ulike deler av helseforvaltninga, saman med leiarar frå ulike fagrørslar. På det siste møtet, i april 2018, fekk vi ei oppdatering på kva dei ulike deltakarane hadde gjort for å betre situasjonen i løpet av året som hadde gått. Røynslene frå arbeidet med høgnivåmøta har vore god, og deltakarane har gitt oss tilbakemelding om at dei likte godt denne måten å arbeide på.

I budsjettarbeidet på Stortinget 2018 drog Utdannings- og forskingskomiteen fram seksualundervisning fram som eit viktig område. Å styrke seksualitetsundervisninga er eitt av dei aller viktigaste bodskapa i rapporten frå Barneombodet «Alle kjenner noen som har opplevd det», som eit tiltak for å hindre seksuell trakassering.

6. Rapporteringar frå Barneombodet til relevante internasjonale organ er viktige for barn i Noreg (mål 21)

Barneombodet leverte i 2017 ein supplerande rapport til FNs komité for barnerettane. Barneombod Anne Lindboe var til stades ved eksamineringa av Noreg i mai 2018 Genève, og vi har etter dette arbeidd med å få anbefalingane frå komiteen implementert i Norge. Her samarbeider vi med dei andre omboda og Nasjonal institusjon for menneskerettane (NIM).

Anna fagarbeid

På **helsefeltet** kom det i 2018 endeleg lovendingar som sikrar barn retten til å bli høyrde i helsetenestene frå dei er 7 år, som anerkjenner barn som pårørande til både foreldre og søsken, og eit unntak i plikta til å informere foreldre om borna si helse dersom vektige omsyn talar for det. Barneombodet har også engasjert seg i å få tilstrekkelege midlar til medisinske undersøkingar av barn på barnehusa. I oppdragsdokumenta til helseføretaka for 2018 kom det inn konkrete beløp som skulle brukast til dette. Opptrapping av øyremerka midlar til skolehelsetenesta og helsestasjonane vert og ført vidare.

Barneombodet har også arbeidd ein del med behandlingstilbodet til barn og unge med **kjønnsdysfori/kjønnsinkongruens**. Vi møtte blant anna ei gruppe ungdom og laga ein kort rapport med deira anbefalingar som Helsedirektoratet no brukar i arbeidet med nasjonal fagleg retningslinje for desse pasientane.

På **barnevernsfeltet** har det endeleg kome informasjon frå regjeringa om at de vil føreslå rett til ettervern for barn i barnevernet opp til 25 år. Dette er utroleg viktig, og ei sak Barneombodet, saman med Landsforeningen for barnevernsbarn, har vore engasjert i lenge. Helsetilsynet har i 2018 ført nasjonalt tilsyn med førebygginga, gjennomføringa og oppfølginga av tvang på barneverninstitusjonar. Dette er etter direkte innspel frå Barneombodet.

Lucy Smiths barnerettsdag blir arrangert av Barneombodet og Universitetet i Oslo kvart år rundt den 20.11. I 2018 var temaet barn sin rett til privatliv.

Vi avslutta vår 2018 med eit avslutningsseminar for Anne Lindboe, der dei ho har samarbeidd med fekk seie nokre ord til henne.

Hausten 2018 tok vi imot Inga Bejer Engh, og gjekk straks i gang med å invitere til innspelsmøte med ulike organisasjonar og andre. Vi brukte deretter tid på å lage ein ny strategi for dei neste tre åra, der vi definerte fire satsingsområde og hovudmål innanfor desse.

Dei fire områda er utanforskap, psykiske helseteneste til barn, barnevern og trygg digital kvardag for barn. Strategien blei lansert i sosiale media og presentert for Barne- og likestillingsdepartementet på eit allmøte. Vi er no godt i gang med arbeidet med den nye strategien. Inga Bejer Engh har markert seg godt i offentlegheita på både barnevern, unge i konflikt med lova og trygg digital kvardag, som er tre av satsingsområda våre.

Mål for organisasjonsutvikling

Barneombodet har i 2018 fortsett arbeidet med å gjere organisasjonen meir effektiv. Eit viktig bidrag i dette arbeidet er framleis dokumentasjonsprosjektet som bidrar til betre flyt i arbeidet med elektronisk sakshandsaming og førebuing av overgangen til ein prosessorientert (funksjonsbasert) arkivnøkkel med verknad 2020. Vi arbeider framleis fortløpande med å heve kompetansen på Public 360, noko som også bidrar til meir effektiv sakshandsaming. Betre opplæring av nytilsette er også eit viktig tiltak for å betre arbeidet og samarbeidet i verksemda. I 2018 har vi dessutan arbeidd aktivt med informasjonssikkerheit og personvern. Når vi aukar medvitet rundt personvern er dette også eit verkemiddel for å gjere organisasjonen meir funksjonell.

Samla vurdering av resultat

2018 har vore eit spennande år for Barneombodet. Vi har avslutta Anne Lindboe sin periode som barneombod og har tatt i mot Inga Bejer Engh. Rapportane våre får mykje merksemd, og blir brukt av både politikarar og fagfolk. Vi har fått gjennom viktige endringar for barn, både i lovverk, retningslinjer og budsjett. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Barneombodet er også komne endå lenger i arbeidet for å sikre gode arbeidsverktøy og god drift av verksemda. i tråd med dei krava som er stilt til oss.

Nærmare omtale av bruk av verkemidlar

Arbeidsmetodane til Barneombodet var også i 2018 i hovudsak å

- kommunisere direkte med barn og unge og formidle deira synspunkt og anbefalingar, og arbeide for å auke medverknaden frå barn og unge i samfunnet generelt
- drive informasjonsverksemd om barnerettane gjennom foredrag og ulike media
- gi råd og informasjon til personar som tar direkte kontakt med oss
- jobbe prosjektbasert med prioriterte område, der vi ser at det er behov for styrking av barnerettane
- be om innsyn i enkeltsaker for å vise generelle utfordringar for barn, og eventuelt sikre barnerettane i den enkelte saka
- gi innspel til offentleg nedsette utval
- svare på høyringar i samband med lovendringar som betyr noko for barn og unge

IV. Styring og kontroll av verksemda

Den overordna vurderinga av styring og kontroll i verksemda

Barneombodet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi viser til at ein høg prosent av måla er nådd, jf. Del I og III.

I løpet av dei siste åra har vi arbeidd for å bygge opp eit føremålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll, basert på mellom anna DFØ sine metodar. Den årlege vurderinga av risiko viser ikkje eit kritisk bilete.

Den årlege gjennomgangen av status på styring og kontroll hos Barneombodet viser at system, rutinar og prosessar for det meste fungerer godt. Vi har halde fram arbeidet med å betre rutinar. I 2018 har hovudvekta vore på å lage eit godt styringssystem for informasjonssikkerheit, samtidig som vi har halde fram med å førebu til eit funksjonsbasert arkivsystem i løpet av 2019. Vi har også i 2018 arbeidd med rutinar for sakshandsaming generelt. Ved årsskiftet slutta vi heilt å svare på spørsmål med sensitive personopplysningar på e-post. I ein periode, fram til sikker digital post er på plass, vil alle desse svara sendast i vanleg brevpost. Vi har også begynt å førebu overgangen til eit nettskjema som skal erstatte e-post til post@barneombudet.no, for å kunne samle informasjon nok til å kunne sende svaret på sikker digital post, om det trengst. Vi ventar at dette er på plass i løpet av 2019.

Vurderingar og gjennomgang i 2018 er gjort med hovudvekt på å vurdere

- verksemda si evne til å nå dei måla vi har sett oss, og som er i tråd med samfunnsoppdraget vårt
- verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv bruk av ressursar
- om sentrale risikoar er innanfor akseptert nivå

Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda

Kompetansetiltak hos Barneombodet

Vi har justert tiltaka i planen for kompetanseutvikling for 2018 noko, men har halde fram det gode arbeidet med interne faglunsjar i tillegg til eksterne kurs. Heile hausten 2018 handla dei interne faglunsjane om å heve den interne kompetansen i barnekonvensjonen med kommentarar. Vi har utvida tida til faglunsj noko i samband med dette. Samla sett er vi framleis særers nøgde med å ha ein kompetansehevingsplan, og vi vil halde fram med dette i 2019. Vi har også evaluert og justert planen for introduksjon og opplæring av nye tilsette i 2018. Det har blant anna vore nødvendig å betre opplæringa om personvern og å bruke nokre lengre tid på opplæringa for at dei nye skal komme inn i rolla som rådgjevarar hos oss.

Arkivet til Barneombodet

I 2017 sette vi sluttstrek for Arkivprosjektet vi starta i 2014, og «Dokumentasjonsprosjektet 2.0» oppstod i kjølvatnet av dette. Vi har i 2018 avslutta kartlegginga (mellom anna intervju med tilsette) som skal legge grunnlaget for overgangen til ein funksjonsbasert arkivnøkkel. Vi satsar på å setje eit skarpt periodeskilje ved nyttår, og vil bruke 2019 på å finpusse og teste

den nye arkivnøkkelen i Public 360. I tillegg har vi gjennomgått papirarkivet med tanke på å gjøre det klart for avlevering når Riksarkivet opnar for det. Vi har brukt kr. 100.000 av budsjettet til dette i 2018. På grunn av ei vasslekkasje i lokala over oss i 2018 har vi framskunda arbeidet med å flytte heile papirarkivet i depot i eit leigd lokale i Drammen som er vasssett og brannsikra. Dette er lokale vi må leige av stiftelsen ASTA, og vi håpar å komme i gang med flytteprosessen i første halvdel av 2019.

Prosjektperioden for «Dokumentasjonsprosjektet 2.0» er sett til 2017-2019. Dette gjorde vi i 2018:

- Vi leigde tenester frå stiftelsen ASTA til å ordne papirarkivet til Barneombodet. Første periode (1981-1993) er no ferdig ordna, og dei siste periodane (1993-2006) er delvis ordna, men skal ordnast ferdig i depotet til ASTA.
- Vi avslutta arbeidet med å kartlegge arbeidsprosessane hos Barneombodet, som grunnlag for ein arkivplan, bevarings- og kassasjonsplan og funksjonsbasert arkivnøkkel. No har vi eit forslag til arkivnøkkel som vil skal arbeide vidare med i 2019. Vi får framleis litt konsulentbistand frå ASTA, men gjer elles mesteparten av arbeidet sjølv.
- Tieto gjennomførte mot slutten av 2018 ei foranalyse av Public 360-basen vår, for å undersøke tilstanden til det elektroniske arkivet med tanke på framtidig deponering og avlevering etter at vi har periodisert. Det er ikkje så mykje å rydde opp i, men vi har fordelt oppgåvene mellom oss og Tieto.

Økonomistyring hos Barneombodet

Også i 2018 har vi hatt kostnader med å distribuere mellom anna rettighetsplakatar til skular over heile landet. Vi vil evaluere ordninga i 2019, då dette er ein stor kostnad for oss.

Barneombodet har eit mindreforbruk større enn venta i 2018. Det er fleire grunner til dette.

Ein grunn er at vi også i 2018 har skifta ut tilsette. Dette gir oss alltid ein periode med lågare lønnskostnaden enn vi har rekna med. Vi hadde også i 2018 lågare utgifter til trykking av rapportar enn venta. Vi har i tillegg hatt ein stabil IT situasjon som har ført til mindre behov for innkjøp, og ein kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2018 som berre delvis var lagt inn i budsjettet.

Men den viktigaste årsaka til lågare mindreforbruk er ei medviten sparing hausten 2018. Vi veit at vi står framfor ei stor utgift i 2019 og 2020, til mellom anna nye nettsider. Nettsidene skal vere universelt utforma, og vi må rekne med ei samla utgift opp mot ein million over to år. I tillegg knyter det seg store kostnader i 2019/2020 til å legge om arkivsystemet i Public 360 og til å innføre sikker digital post og investere i e-arkiv for det historiske arkivet 2006-2019. Vi er nøgde til å ha ei stram styring av økonomien for å lukkast med desse prosjekta.

Barneombodet merkar også effektane av de årlege innsparingane i staten, og vi vil i byrjinga av 2019 halde att ei stilling som står ledig frå januar 2019. Vi vil evaluere dette i våren 2019 saman med tillitsvalde, men mykje tydar på at vi må halde fram med lågare bemanning framover.

Forhold departementet har bedt Barneombodet om å rapportere særskilt på

Fellesføringar frå regjeringa

Barneombodet har i 2018 gjort ei vurdering saman med dei tillitsvalde om å ikkje tilsette ein ny fagrådsgjevar i ei ledig stilling frå 1. januar 2019. Vi vurderer også kontinuerleg om arbeidsoppgåver kan fordelast på betre måtar, og vi har starta ein prosess med å endre og omfordele nokre administrative oppgåver i 2018. Utover dette har vi ikkje funne nye tiltak i 2018. Vi har også halde fram arbeidet med å digitalisere interne arbeidsprosessar (sjå årsrapporten for 2017).

Som vi vurderte i årsrapporten for 2017 var nettstaden til Barneombodet det området der vi såg at vi kunne betre våre digitale tenester. Ein oppdatert nettstad som er utforma universelt kan gje barn, ungdom og vaksne betre tilgang på informasjon. Vi la derfor dette arbeidet inn som eige prosjekt frå slutten av 2018, og det er sett av kr. 300.000 til dette i 2019 og ein halv million i 2020.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Barneombodet skreiv i årsrapporten for 2017 at vi skulle kjøpe tenester til ein oppdatert ROS-analyse i 2018, samtidig som vi laga eit styringssystem for informasjonssikkerheit. Vi sette av ein kvart million i budsjettet for 2018 til dette. Det har ikkje vore mogleg å gjere ein heilskapleg og ny ROS-analyse for berre samfunnssikkerheit. Men nokre av områda i ROS-analysen for informasjonssikkerheit og personvern handlar også om samfunnssikkerheit.

Barneombodet gjorde likevel ei ny risikovurdering i samband med at vi fekk nytt barneombod hausten 2018. Vi fann ikkje at vi måtte endre nokon av rutiane våre på dette området. Vi gjennomførte ei «table-top»-øving hausten 2018. På bakgrunn av det vi fann der, har vi justert både kortversjonen og langversjonen av beredskapsplanen vår. Vi har også tatt i bruk eit nytt varslingsystem via sms, som vi både kan bruke i samband med hendingar innanfor IKT-området og beredskap generelt. Vi går kort gjennom funna og nye tiltak i eit eige vedlegg til årsrapporten. Vi legger også ved den justerte beredskapsplanen.

Informasjonssikkerheit

I 2018 har Barneombodet arbeidd særleg med å betre sikkerheita på følgjande område:

1. Styring og kontroll, med særleg vekt på å lage eit styringssystem for informasjonssikkerheit.
5. Kunnskap, kompetanse og kultur, med særleg vekt på å følgje opp tiltak frå 2017.

Tiltaksområde 1: Styring og kontroll (jf. eForvaltningsforskrifta § 15 og personopplysningslova)

Barneombodet har i 2018 lagt ned mykje tid og store ressursar for lage eit forsvarleg system for styring av informasjonssikkerheita, jf. eForvaltningsforskrifta og personopplysningslova. Eit slikt arbeid er ei stor b r for ei lita verksemd og kunne med fordel vore samordna med andre verksemder. Vi har som sagt brukt mykje tid og pengar og har delt materiell med andre verksemder.

To konsulentar fr  PWC har deltatt i arbeidsgruppa hos Barneombodet. Personvernombodet har ogs  deltatt fr  hausten 2018. Ein viktig start p  dette arbeidet var eit arbeidsseminar med alle tilsette der vi kartla informasjonsverdiar i verksemda og la grunnlaget for ei ROS-analyse. Det har ogs  vore viktig   g  gjennom alle avtaler om databehandling med eksterne verksemder. Vi sender ROS-analysen, handlingsplanen og tiltaka i tillegg til heile styringssystemet med  rshjul til departementet i eit eige brev.

Tiltaksomr de 5: Kunnskap, kompetanse og kultur

I 2018 har Barneombodet halde fram med fleire av tiltaka vi starta i 2016 og 2017. I tillegg har vi gjort nokre s rskilde tiltak. Vi har halde fram med

- jamleg gjennomgang og oppdatering av framdrifta i Dokumentasjonsprosjektet 2.0 p  fellesm tet, som ogs  inneber sp rsm la om «kvifor» i relasjon til sikker behandling av informasjon
- jamleg/kvartalsvis vurdering av risiko i leiargruppa, som ogs  omfattar behov for kompetanse

Barneombodet hadde ogs  i 2018 ei «informasjonssikkerheits ving». Denne var delt i to. Del ein handla om   fylgje opp dei omr da som ikkje var gode nok etter  vinga i 2017. Vi har ogs  vurdert om alle kontor skal l sast n r dei tilsette g r ut av kontoret. I dette sp rsm let har vi ikkje konkludert end . Del to av  vinga handla om   sjekke alle aktive e-postkontoar hos Barneombodet.  rsaka til dette er at e-postkontoen deira kan misbrukast dersom tilsette bruker e-postadressa si p  nettstader for til d mes   kj pe varer og tenester. Vi fann ikkje misbruk av nokon av e-postkontoane hos Barneombodet.

IKT og digitalt f rstevalg

Barneombodet varsla i f rste tertialrapport for 2018 at vi ikkje har nokon tenester som ein kan sj  i samheng med tenester hos andre verksemder for   utvikle tenestekjeder. Vi har difor ikkje arbeidd vidare med plan eller strategi for vidare utvikling.

Oppf lging av saker fr  Riksrevisjonen

Barneombodet har ikkje f tt vesentlege merknadar fr  Riksrevisjonen for 2018.

Risikovurderingar

Barneombodet vurderer risiko ein gong i kvartalet. Områda som ligg til grunn for å vurdere risiko er

- personalsituasjonen
- økonomi
- faglege oppgåver
- administrative oppgåver
- ulike ytre forhold som påverkar drifta av verksemda

Resultatet av årets risikovurdering ligg ved årsrapporten til BLD som eit eige dokument. Frå 2019 vil vi også vurdere risiko på informasjonssikkerheit og beredskap i samband med risikovurderinga ein gong per kvartal.

Personalforvaltning

Barneombodet utarbeidde lokalt tilpassa mål og innhaldet i IA-avtalen våren 2015, desse vidareførte vi i 2017 og 2018. Vi følgjer dei interne rutine for oppfølging av tilsette som er sjuke. Mellomleiarane tar eit særleg ansvar for å følgje opp dei tilsette. Vi set i verk behov for særskilde tiltak når det er naudsynt, men har ikkje hatt spesielle tilhøve med sjukefråvær i 2018.

I 2018 held vi fram med at nærmaste leiar har medarbeidarsamtalar med sine tilsette.

IA-avtalen og sjukefråvær

Sjukefråværet hos Barneombodet er lågt, og vi arbeider derfor med å halde det like lågt som no. I 2018 hadde vi totalt 90 legemelde fråværsdagar i 100 % og 21 dagar med delvis sjukemeldt. I 2017 hadde vi 26 legemeldte fråværsdagar. Eigenmeldte fråværsdagar var 64 i 2018 og på same nivå som i 2017, då det vart 57 dagar.

Aktivitets- og greigjeringsplikter

Ifølgje rettleiaren frå FAD blir det operert med 4 ulike diskrimineringsgrunnlag som er omfatta av aktivitets- og greigjeringsplikta: kjønn, etnisitet, religiøs tilhøyrse og livssyn og nedsette funksjonsevner.

Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Per 31.12.18 var vi 25,0% prosent menn mot 75,0% prosent kvinner. Av desse er det ein mann og tre kvinner i leiinga. Vi har arbeidd aktivt for å skape betre kjønnsbalanse, noko som har vist seg vanskeleg. Talet på menn er i 2018 det same som i 2017. Av kvalifiserte søkjarar til stillingar i 2018 var fleirtalet kvinner.

I dag har Barneombodet ingen forskjellar i lønn som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller i fagstaben. Ved tilsettingar arbeider vi aktivt for å finne lønnsnivå som samsvarar med erfaring og kompetanse, og som bidrar til likeverd mellom kjønna i lønnsmassen.

10 % av dei tilsette på kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Vi har ikkje lukkast med å rekruttere arbeidstakarar med funksjonsnedsetjing. Dei utlyste stillingane i 2018 hadde to personar med funksjonsnedsetjingar på søkjarlista, så langt vi er kjent med.

Barneombodet er ei verksemd som skal arbeide for alle barnerettane i samfunnet. Vi må derfor vere opne i rekrutteringsarbeidet for å sikre like rettar for søkjarar som bidrar til å spegle mangfaldet som er blant barn og unge. Dette gjeld både LHBTI-personar, personar med annan etnisk bakgrunn enn norsk, og personar med funksjonsnedsetjingar.

Vi har pr. i dag ingen andre aktive tiltak å setje inn enn å oppmode til eit mangfald av søkjarar gjennom utlysingar, og eit pågåande internt haldningsskapande arbeid blant dei tilsette.

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar

Barneombodet er kjent med det særlege ansvaret som kviler på ei offentlig verksemd når det gjeld å førebygge mellom anna brot på arbeidsmiljølova og sosial dumping. Vi har ikkje gjort innkjøp der det kan være høg risiko for brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar i 2018.

Miljøkrav i innkjøp

Barneombodet har ikkje hatt innkjøp i 2018 der vi har nytta miljøkrav. Vi har ikkje innført miljøleing i verksemda.

Rutinar for varsling

Barneombodet har egne rutinar for varsling som er tilgjengelege for alle tilsette i personalhandboka på intranettsida Compendia. Vi har gått gjennom varslingsrutinane med personalet også i 2018.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Barneombodet er ei lita verksemd med eit stort samfunnsoppdrag. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Sjølv om Noreg er eit bra land å vakse opp i for barn, har Barneombodet ei viktig rolle i å overvake at barnerettane blir oppfylt på ulike samfunnsområde, og dette oppdraget vil være viktig også i åra framover.

Dei fleste områda Barneombodet no arbeider med, krev innsats over fleire år. Det nye barneombodet har i 2018, saman med alle tilsette, arbeidd fram strategiar for dei neste tre åra. Dette gir oss gode rammar og spanande arbeidsoppgåver.

Samstundes gjer årlege kutt i vårt budsjett at vi for fyrste gong har latt ei fagleg stilling stå vakant, og dette blir truleg permanent.

VI. Årsrekneskap

Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2018

Føremål

Barneombodet vart oppretta i 1981, og er administrativt underlagt Barne- og likestillingsdepartementet. Verksemda fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Kontoret er oppretta ved lov, som eit uavhengig organ for å vareta barn og unge sine interesser. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Barne- og likestillingsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avslutta i fylgje bestemmingar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Barne- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av dei disponible bevillingane, dei regnskapsførte utgiftene, inntektene, eigendelane og gjelda til Barneombodet.

Vurdering av vesentlege forhold

